

Børsheim representerer Noreg**21.06.2011**

Uskedeling, fysioterapeut og skodespelar Stig Nordbø Børsheim er med i ei teatergruppe som skal representera Noreg på teaterfestivalen i Tromsø 17. og 21. juli.
Dei skal spela eit stykke av Tennessee Williams som dei sjølve har omsett til norsk og som dei hadde Noregspremiere på i 2008.

Men i første omgang skal Børsheim spela på Porsgrunn internasjonale teaterfestival på laurdag.

- Vi gleder oss og er stolte over å ha fått desse oppgåvene, seier Stig, som opplyser at dei jobbar med regissøren Joanna Margierecka på Oslo teatersenter.

Han har med seg Synne Johannessen frå gruppa IIIEtage i 'Talk to me like the rain and let me listen' varer i 25 minutter og handlar om eit par i ein livssituasjon fylt av mangel på håp. Samstundes ligg det ein stille bøn millom dei om å møtast der dei er no. Dei er sterkt prega av den einsemd som fyller mange i dag og kanskje særleg i urbane miljø.

Stig og Synne vil visa breidda til ein av dei mest kjende dramatikkarar i nyare tid. Stykket kan også bidra til diskusjonar om tema som einsemd, rusmisbruk og arbeidsledigheit. For dei 2 skodespelarane er stykkets essens kampen dei kjempar for å nå kvarandre.

Av Ola Matti Mathisen